

BIBLIOTEKSAMARBEID PÅ ØYA STORD

Delrapport I: 01.09.02 – 31.12.02

Prosjektperiode: 01.09.02 - 01.07.03

Om prosjektet

Kommunane Fitjar og Stord starta hausten 2002 eit biblioteksamarbeid. Samarbeidet skulle styrkje og utvikle bibliotekenesta med særleg vekt på utvikling innan områda: marknadsføring, kompetanseoppbygging, IKT-utvikling, samlingsoppbygging og organisering av bibliotekenesta i dei to kommunane.

Fitjar kommune og Stord kommune søkte i 2002 Statens Bibliotektilsyn om tilskot til gjennomføringa av biblioteksamarbeidet, men fekk avslag. Fylkesbiblioteket såg dette som eit delprosjekt av det statsfinansierte prosjektet: "Breiband til alle i Hordaland", der målet er å kople folkebibliotek i fylket til breibandsnett for mellom anna å prøve ut modellar for interkommunalt samarbeid. Elin Golten blei tilsett av fylkesbiblioteket som prosjektleiar i halv stilling frå 01.09.02. Ho har hatt arbeidsstad på Fitjar folkebibliotek og Stord folkebibliotek. Prosjektet har blitt ein realitet gjennom eit nært samarbeid mellom prosjektleiaren og biblioteksjefane i kommunane

Prosjektet har vore styrt av ei styringsgruppe samansett av fylkesbiblioteksjef Ruth Ørnholt, biblioteksjef Bjørnar Withbro og kultur- og biblioteksjef Elise Aarbø. Styringsgruppa har hatt to møter i løpet av hausten.

Mål og resultat

Hovudmålet for prosjektet var å:

Starte opp og legge forholda til rette for vidare samarbeid mellom folkebiblioteka i Fitjar og Stord.

Gjennom dette arbeidet vil ein hauste erfaringar som vil vera nyttige i andre liknande prosjekt i fylket.

Samarbeidet mellom biblioteka har kome godt i gang. Dei to biblioteka er i ferd med å få felles biblioteksystem, og ei samarbeidsavtale for 2003 er utforma. Biblioteka vil i løpet av 2003 vurdere om dei ønskjer å organisera seg som ei eining. Fylkesbiblioteket har fått erfaringar som vil nyttast i andre samarbeidsprosjekt i samband med breibandsutviklinga i fylket.

Delmål 1: Val av løysing og innkjøp av biblioteksystemet Bibliofil til Fitjar folkebibliotek

Då prosjektet kom i gang hadde Stord folkebibliotek biblioteksystemet Bibliofil. Fitjar folkebibliotek hadde Mikromarc 1 og trong ei oppgradering av sitt biblioteksystem.

Biblioteksystemet Bibliofil er no bestilt til Fitjar folkebibliotek. Det er vald ei løysing der Fitjar folkebibliotek vert lagt som ein teknisk filial under Stord folkebibliotek. Det betyr at Stord folkebibliotek får ein ekstra lisens på biblioteksystemet Bibliofil. Denne lisensen er i bruk av Fitjar folkebibliotek som dermed får tilgang til heile biblioteksystemet til Stord. Stord folkebibliotek og Fitjar folkebibliotek får med dette felles katalog.

Biblioteksystemet vert køyrd frå Stord folkebibliotek sin server. Kommunikasjonen vil gå over kommunal breibandsamband mellom dei to kommunane. Eigen avtale som skal regulera datasamarbeidet mellom biblioteka er under arbeid.

Delmål 2: Samkøyring av biblioteksystema i Fitjar og Stord

Samkøyringa av biblioteksystema kjem i gang så snart Bibliofil er installert på biblioteket i Fitjar. Planen er å starte konverteringsarbeidet av Fitjar sin base inn i Stord sin base i slutten av februar 2003.

Delmål 3: Etablere ei førebels samarbeidsavtale på felles rutinar gjeldande for 2003

Det er etablert ei samarbeidsavtale mellom biblioteka. Avtalen gjeld for 2003 og har desse samarbeidstiltaka:

- Felles lånereglement
- Personalutvikling
- Fellesmøte for mediekjøp
- Spesialisering av mediekjøp og utveksling av depot
- Arrangement og utstillingar
- Datatenester
- Marknadsføring
- Barnebibliotekarbeid
- Lokalhistorie

Samarbeidsavtala er no til politisk handsaming i kommunane (sjå vedlegg 1).

Erfaringar

I løpet av hausten er det gjort verdifulle erfaringar på kva som skal til for å få til eit godt samarbeid. Alt samarbeid er personavhengig. Viljen til samarbeid hos dei personane som samarbeider, er avgjerande på om ein kan få noko til. Denne viljen har så absolutt vore til stades i både Fitjar og Stord.

Både små og store bibliotek er avhengig av at alle er involverte i prosessar som forandrar arbeidskvardagen. Større forandringar gjer og ofte utslag i naturleg skepsis hos dei tilsette, noko som vil auke dersom ein går for fort fram, og/eller ikkje tek seg tid til å informera og involvera dei tilsette. I prosjektet ”Biblioteksamarbeid på øya Stord” vart det arrangert ei kveldsamling for dei tilsette ved dei to biblioteka tidleg i prosjektperioden. Dette vart gjort for at dei tilsette skulle verte kjend med kvarandre, og med planane for prosjektet. Dei tilsette var og med på å avgjere kva forandringar ein skulle gå inn for ved samordninga av rutinar og reglement i dei to biblioteka. Noko skepsis var det likevel blant dei tilsette i biblioteka.

Samarbeid mellom eit lite og eit stort bibliotek byr på utfordringar. Når det gjeld Fitjar folkebibliotek og Stord folkebibliotek vert ulikskapen mellom biblioteka forsterka ved at Stord folkebibliotek er profesjonelt drevet med eit godt personale, gode opningstider og eit godt biblioteksystem. På Fitjar folkebibliotek vert evnar og ønskje om å gje eit godt bibliotektilbod avgrensa av eit utdatert biblioteksystem, lite opningstid og liten stillingsprosent. Begge biblioteka slit med knappe ressursar (sjå vedlegg 2)

For at eit samarbeid skal fungere, er det naudsynt å sjå kvalitetane ved det særskilte biblioteket. Slik vert det og meir tydeleg kva biblioteka har å overføra til kvarandre gjennom eit samarbeid, sjølv om det er store skilnader på biblioteka. Ei interessant erfaring har vore at Fitjar folkebibliotek har noko verdifullt å tilby brukarane sine som Stord folkebibliotek ikkje

har i same grad. Blandinga av ei imøtekommande og engasjert eldsjel på biblioteket og nettopp dette at biblioteket er så lite, lokalt og tilgjengeleg, gjer Fitjar folkebibliotek til ein kulturell møtestad for folk i Fitjar kommune. Her er det utstillingar og arrangement både i biblioteket si opningstid og på kveldane. Dette er ein kvalitet som Fitjar folkebibliotek gjennom samarbeid kan overføra til Stord folkebibliotek.

Oppfølging og vidareføring

Samarbeidsavtalen for 2003 legg føringar for korleis samarbeidet mellom Fitjar folkebibliotek og Stord folkebibliotek skal vidareførast. Her er det sett opp konkrete tiltak som dei to biblioteka skal samarbeide om. I gjennomføringa av tiltaka *personalutvikling* og *marknadsføring* i samarbeidsavtalen kan samarbeid med fylkesbiblioteket og/eller andre bibliotek vera aktuelt.

Bibliotek-Systemer AS er leverandør av biblioteksystemet Bibliofil. Dei har gitt eit godt tilbud på biblioteksystemet ved at dei forskoterar at dei to kommunane etablerar felles folkebibliotek i løpet av forholdsvis kort tid. Dersom dette ikkje skjer, vert Fitjar kommune fakturert for restbeløpet opp til prisen for eit sjølvstendig bibliotek, og Stord folkebibliotek vil gå attende til opphavleg avtale med Bibliotek-Systemer AS. Innteninga for Fitjar kommune ved noverande tilbud er på rundt kr. 40 000 i investeringar og nær kr. 30 000 i årlege kostnader. Stord folkebibliotek og Fitjar folkebibliotek vil bruka 2003 til å vurdera om dei vil slå seg saman til ei eining.

Før konverteringa av Fitjar folkebibliotek sin base kan starta i slutten av februar, er det eit stort arbeid å gjere for å klargjere basen. Fitjar folkebibliotek vil vera avhengig av ekstra ressursar for å få gjennomført dette arbeidet.

Dersom det vert aktuelt å sende ein søknad om prosjekttilskot frå Fitjar kommune og Stord kommune til ABM-utvikling eller andre instansar, bør fylkesbiblioteket vera med på å utforma søknaden.

Kommunane Fitjar, Stord, Bømlo og Sveio har inngått ei "Viljeserklæring" som legg til rette for interkommunalt samarbeid. "Biblioteksamarbeid på øya Stord" er kome inn som eit av tiltakspunkta i erklæringa. Ei naturleg utvikling av prosjektet blir å involvera dei to nabokommunane Bømlo og Sveio i biblioteksamarbeidet.

Vedlegg

Vedlegg 1: Samarbeidsavtale mellom Fitjar folkebibliotek og Stord folkebibliotek for 2003.

Vedlegg 2: Statistikk for Fitjar folkebibliotek og Stord folkebibliotek for 2001